

Ein personleg krig

RADØY: Det er sjeldan ein får oppleva eit så genuint innsyn i personlege krigsminne som dette.

ANNA M. HATLAND
anna.hatland@nordhordland.no

Norsk utvandringssenter på Sletta opnar i helga ei heilt einestående utstilling. Personlege krigsminne, akkompagnert av videosnuttar og bilete gjer denne utstillinga heilt spesiell og ekte.

Historia omhandlar krigsveteranen John Pettersen (97) og hans opplevingar av andre verds-krig.

– Unge i dag veit ikkje kva krig er, seier Pettersen oppgitt.

– Difor har eg bestemd meg for å delta i denne utstillinga og gjera det meir kjend for det norske folk.

Amerikansk historie

Då Norge vart okkupert under andre verdskrig var det fleire sjøfararar som bestemte seg for å hjelpe til så godt dei kunne. Mange av dei var stranda i andre land, mellom anna USA.

– Vi ville jo gjera nytte for oss, fortel Pettersen.

– Difor melde eg og mange andre oss i det amerikanske forsvaret. Etter ei stund vart det mange norske soldatar i teneste, at Bataljon 99 vart oppretta, opplyser han.

Han peikar på ei namnebrikke med inngraverte namn som ligg i monteret i utstillinga.

– Ein slik fekk vi alle.

Bataljon 99 vart oppretta i 1942 og bestod av første- og andregenerasjons innvandrare i landet. Alle snakka norsk og bataljonen var opprinneleg tiltenkt oppdrag under ein alliert kampanje i Noreg.

– Vi kjempa i fleire lagnadtunge slag i Europa, mellom anna i Normandie. Men vi gjorde berre jobben vår, seier Pettersen audmjukt.

Ikkje gløyma

Det var harde kampar og tøff trening heile opphaldet igjennom.

– Vi vart vekt både tideleg og seint, fortel Pettersen.

– Men klart det, det var krig. Vi måtte vera fysisk utrusta til store påkjenningar, seier han medan han peikar på ein utstelt hjelm.

– Denne oppfinninga vart brukt til mykje. Alt frå kokekar til hovudplagg til, i nokre kritiske

BATALJON 99:

- * Vart oppretta i USA 10. juli 1942.
- * Soldatane var frivillige første- og andregenerasjons norske innvandrare til USA.
- * Ein stor del av Bataljon 99 var sjøfolk som stranda der under andre verdskrig.

tilfelle, toalett, seier veteranen med eit lite smil.

Og smil er det mykje av i krigsveteran Pettersen. Sjølv om han har opplevd meir i si levetid enn mange av oss andre kan førestilla oss, presiserer han at det største av alt var noko vi alle har moglegheit til å oppleva:

– Eg fekk fri frå militæret i åtte dagar då krigen slutta for å gifta

meg. Tenk at ho venta! seier han med ei tydeleg tåre i augnekroken.

– Å få koma heim etter krigen for å få sjå familien att er det største eg har opplevd, seier Pettersen.

Opplysa unge

Og opplevingar og inntrykk er det meir enn nok av å finna ved utstillinga på Sletta. Utstillinga opnar lørdag 30. juni klokka 15.00, og inneheld både utstyr, klede og videosnuttar frå andre verdskrig.

John Pettersen fortel sjølv i videosnuttane om sine personlege opplevingar og med utstillinga vil han opplysa born og unge:

– Dei må ikkje gløyma at Norge har vore i krig, understreker han.

– Eit einestående innblikk

– Utstillinga gjev publikum eit heilt einestående innblikk i ei personleg krigsoppleving, seier avdelingsleiar ved Norsk utvandringssenter, Ida Dyrkorn Heierland.

Ho har jobba med denne nyopna utstillinga sidan i fjor, og på lørdag er dei klare for å opna for publikum. Utstillinga er ein del av Uvandringsfestivalen.

– Det som gjer denne utstillinga spesiell er alle videosnuttane vi har filma med John Pettersen, seier ho.

– Det å få tilgang til ei heilt personleg krigsoppleving, og attpåtil

ha moglegeheita for å personleg få møta ein krigsveteran frå ei så historisk hending gjer opplevinga einestående.

Gjensidig


Opplevinga ein får ved å besøka utstillinga vert forsterka med den utfyllande informasjonen ein finn der.

– Det er viktig for John og oss at det skal vera eit gjensidig forhold mellom bilete, gjenstandar og tekstar her ved utstillinga, fortel Heierland.

– Gjenstandar får ei heilt anna betydning når ein har ei personleg historie å knytta dei opp til, avsluttar ho.



SPREK: Ikkje kvar dag ein ser ein 97-åring køyra sin eigen bil.



Personlege krigsminne: Her kan ein sjå eit lite utdrag av utstillinga. – Eg brukte alt dette



UTVANDRINGSSENTERET: Alle husa her er frakta hit frå prærien, fortel Heierland.